

29.04.2021

Handlingsprogram VVA



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

Innhald

Innleiing	2
Vassmiljø.....	4
Bakgrunn	4
Revidert handlingsprogram for vassmiljø har følgjande prioritering;.....	5
Vassforsyning:	6
Bakgrunn	6
Hovudprinsipp for vassforsyninga.....	6
Revidert handlingsprogram for vassforsyning har følgjande prioritering:.....	7
Oppgradering av Ole Vassverk	8
Nytt vassverk Mellsehn – ny vasskjede, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett	8
Handlingsprogram for vassforsyning.....	9
Revidert handlingsprogram for avløp	9
Nedrefoss Reinseanlegg	9
Beito Reinseanlegg	9
Ygna Reinseanlegg.....	9
Samanbinding av reinseanlegg.....	10
Handlingsprogram for avløp.....	10
Revidert handlingsprogram for utbygging av VA-anlegg i grunnen	11
Handlingsprogram for utbygging av leidningsnett:	16
Område i fjellet utan kommunale hovudanlegg.	17
Tilknyting til kommunalt VA-anlegg	18
Økonomiske konsekvensar.....	199

Innleiing

Kommunestyret vedtok kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp (VVA-planen) og handlingsplan for spreidd avløp den 15.2.2018. Delar av handlingsprogrammet i planen, for det som gjeld spreidd avløp, vart utdjupa og presisert i Handlingsplan for spreidd avløp, vedteke i kommunestyret den 25.4.2019. Kommunestyret har i planstrategien for 2020-2023 vedteke at handlingsprogrammet for VVA-planen skal reviderast i 2020/2021. Dette dokumentet presenterer framlegg til revidert handlingsprogram for VVA-planen. VVA-planen vil framleis gjeld. Revideringa av handlingsprogrammet av VVA-planen er for å få større grad av realisme i gjennomføringa av VVA-planen. Grunnlaget for VVA-planen og handlingsprogrammet er den vedtekne arealdelen av kommuneplanen og vedtekne kommunedelplanar for Beitostølen og for Gravfjellet. I tillegg er følgjande punkt i den nyleg vedtekne samfunnsdelen av kommuneplanen lagd til grunn for revidering av handlingsprogrammet:

Me skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte bustad- og næringsområder, slik at det er enkelt for nye innbyggjarar og næringsdrivande å etablere seg.

Me skal sikre biologisk mangfald og ta vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet.

Me skal behalde ei tydeleg utbyggingsgrense (tidlegare kalla fjellgrense), der me ikkje skal leggje ut nye utbyggingsområde utanfor denne grensa.

Me skal utarbeide ein fortettingsstrategi for hytteområda.

Me skal vidareføre infrastrukturkrav i eksisterande arealdel.

Framlegget til revidert handlingsprogram har blitt utarbeidd av administrasjonen i samråd med kommunestyrekomiteen for tekniske tenester. Framlegget har vore på høyring, og det kom inn mange innspel og merknader knytt til utbygging av VA-anlegg i hytteområda. Det var er ingen innspel eller merknader knytt til VA-utbygging i «bygda».

Måla innan vassforsyning og avløp er følgjande:

- Vi skal levere nok og reint vatn på ein sikker måte til abonnentane.
- Vi skal ha tilstrekkeleg reinsekapasitet for avløpsvatnet, slik at utsleppet frå reinseanlegga alltid ligg innanfor utsleppsgrensene.
- Vi skal knytte nye abonnentar til kommunalt VA-leidning etter kvart som anlegget vert bygd ut.

Utbygging av VA-anlegg legg til rette for nærings-, bustad- og fritidsbustadutvikling. Næringsområde og nye bustadområde skal ha tilgjengeleg offentleg VA-anlegg, og alle hytte-områda med krav til felles VA-anlegg er definert med infrastruktursone i arealdelen av kommuneplanen. Som ein hovudregel vil kommunen ved utbygging av anlegg leggje både røyr for vatn og avløp i grøfta, sjølv om det eine røyrret ikkje nødvendigvis vil bli teke i bruk straks etter utbygginga.

Drift og utvikling av VA-anlegga vert full ut finansiert over VA-gebyra. Kommunestyret må i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen ta stilling til investerings- og driftsnivået innan VA, med dei følgjene dette får for gebyrutviklinga. Kommunestyret kan difor i samband med

Økonomiplanhandsaminga vedta eit anna investeringsnivå enn denne planen legg opp til ut frå omsynet til gebyrutviklinga m.v.

Denne planen presenterer tentative årstal for gjennomføring av tiltaka. Det er fleire føresetnader som avgjer når tiltaka kan gjennomførast, m.a. inngåing av grunneigaravtalar om rett til å leggja VA-leidningar i grunnen eller avtalar om overtaking av grunn. Det vil vera uvisse knytt til tidslinene for avtalar om tilgang på grunn, og difor uvisse om tidslinjene for gjennomføring av tiltaka.

Nye vass- og avløpsanlegg skal etter § 1 i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg vera eigd av kommunen. Eksisterande vass- og avløpsanlegg kan berre seljast eller på anna måte overdragast til kommunen.

Det private vassverket Vindin Vassverk forsyner 480 abonnentar med vatn i midtre del av kommunen. Ein grunnleggande verdi i kommunen er at vi skal oppnå resultat gjennom samarbeid med andre, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen. Kommunen ønskjer eit godt samarbeid med Vindin Vassverk. Vi ønskjer m.a. å samarbeide om grøfta der både Vindin Vassverk og kommunen har behov for framføring av anlegg og samarbeid om å bruke kvarandre sine anlegg for framføring av vatn og for å tilby beredskapsvatn for kvarandre. Dersom Vindin Vassverk ønskjer at kommunen skal overta anlegget dreira, vil kommunen stille seg positiv til det. Ei ev. overtaking vil ta tid, og det er ønskeleg at Vindin Vassverk varslar om ønske for overtaking i god tid, slik at vilkåra for dette kan drøftast og avklarast på ein grundig og god måte.

Utbygging av VA-anlegg har ein svært lang tidshorizont, opp til 100 år for anlegg i grunnen. Det er difor viktig å klargjere dimensjoneringsgrunnlaget for denne utbygginga. Kommunen har om lag 300 000 gjestedøgn og ved utgangen av 2020 3532 hytter og 1070 fritidsleilegheiter. Med reviderte VA-planar vil vi legge til rette for at om lag 1 000 - 1500 eksisterande fritidsbustader kan knytast til kommunalt VA-anlegget. Det ein monaleg vekts i tal hytter og fritidsleilegheiter, årleg om lag 50-70. Arealdelen av kommuneplanen opnar for utbygging av om lag 2 000 fleire fritidsbustader og eit stort tal leilegheiter/næringsbygg. Det er vidare ei målsetting å doble tal gjestedøgn på Beitostølen frå 300 000 til 600 000. Det kommunale VA-anlegget må dimensjonerast for denne utviklinga, og det vert lagd til grunn eit dimensjoneringsgrunnlag for hytte/fritidsleilegheiter/reiselivet på 25 - 30 000 pe.

Det er stabilt folketal for fastbuande og lokalt næringsliv utanom reiselivet. Prognosane for folketalutviklinga viser stabil eller svakt aukande folketal. Dimensjoneringsgrunnlaget for VA-utbygginga for tilknytte fastbuande vert difor sett til 2500 - 3200 pe.

Klimaendringane med både større nedbørmengder og meir intensiv nedbør vil stille auka krav til VA-systema framover, og det er viktig at avløpssystema blir robuste nok til å takle klimaendringane i eit 100 års perspektiv. Utbygging av VA-anlegg skal gjennomførast på ein klima- og miljømessig god måte. Vi vil m.a. unngå utbygging av VA-leidningar i myrområde eller unngå bruk av drenerande masser når vi må passere slike område, sidan drenering av myrområde vil føre til frigjeving av klimagassar. Vi vil også legge vekt på skånsam utbygging og revegetering av leidningstraseane, for å minimere spora etter utbyggingane.

Bakgrunn

Vassmiljø/vassområdearbeidet er heimla i vassforskrifta og plan- og bygningslova. Vassforskrifta er oppfølging av EU sitt vassdirektiv. Kommunen har areal innanfor to *vassregionar* (Vest Viken og Glomma) og tre *vassområde* (Valdres, Randsfjorden og Mjøsa). Viktigste påverknadsfaktorar på vassdraga er: *spreidd avløp, landbruk og kraftutbygging*.

Tilstanden i vassførekomstane i kommunen er med få unntak generelt god. Oppdatert status for vassførekomstane ut frå overvåkingsdata til og med 2016 syner at følgjande vassførekomstar har sannsynleg risiko for ikkje å nå miljømål om *minst god tilstand* innan 2021:

- Bekkefelt for Volbufjorden og Heggefjorden.
- Rennsenn

Det er også periodevis registrert kraftig attgroing med alge i Yddeåne og Javnåne utan at dette slår ut med risiko i gjeldande klassifiseringssystem. I fagmiljøa blir dette gjerne knytt til avrenning frå hytteområde ofte i kombinasjon med organisk materiale frå myr, og at det er stoffer i avrenning frå m.a. separat avløp som 'triggjar' kraftig algevekst dominert av blågrønbakteriar.

Regional vassforvaltningsplan legg til grunn at det blir starta opp tiltak i løpet 2018 for nå miljømål om *minst god tilstand*.

Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp (VVA plan) har følgjande hovudmål for vassmiljøet i kommunen:

Miljøtilstanden i vassførekomstane skal med utgangspunkt i vassforskrifta sitt klassifiseringssystem vere så nær naturtilstanden som mogleg. Alle brukarinteresser knytt til vassførekomstane skal finne tilfredsstillande miljøtilstand for sine aktivitetar/behov. Jf. også kommunen sin visjon Rein naturglede.

Det er definert 5 delmål med strengare miljømål for utvalde vassførekomstar med utgangspunkt i vassforskrifta sitt system for differensiering av miljømål. Dette gjeld m.a. drikkevasskjelder og viktige natur og friluftsområde.

For avløpshandteringa for kommunen er følgjande hovudmål vedtatt:

- *Ha funksjonssikre og robuste avløpssystem som fyller krava i nasjonalt regelverk, kommunale forskrifter samt vilkår sett ved utslippsløyve.*
- *Bidra til måloppnåing for fastsette miljømål for vassførekomstane på ein kostnadseffektiv måte.*
- *Ha høg grad av kostnadseffektivitet med omsyn til drift samt val av hovudstruktur for reinseløysing ut frå naturgjevne tilhøve, busettingsmønster og næringsliv.*

For separate avløpsanlegg er det vedtatt m.a. følgjande delmål:

- *Separate avløpsanlegg skal fylle krav i gjeldande regelverk og vera tilpassa lokale tilhøve.*

Revidert handlingsprogram for vassmiljø har følgende prioritering;

Prio.	Tiltak	Kostnad i tusen. kr.	Tentativ gjennomføring
1.	<p>Rydde opp i spreidd avløp i område i bygda med risiko for ikkje å nå miljømål innan 2028, dvs. bekkefelt rundt Volbufjorden og Heggefjorden. Prioritere område med høgast del separate anlegg med moderat – stor risiko for avrenning.</p> <p>Heggefjorden og Volbufjorden har god økologisk og kjemisk tilstand. For å ivareta denne tilstanden blir det gjennomført synfaring på eigedommar med spreidd avløp. Eigedommar med moglegheit til tilkopling til kommunalt leidningsnett skal koplast til.</p>	Sjå handlingsprogram avløp.	2021 - 2028
2.	<p>Rydde opp i spreidd avløp i nedbørfelt til Rensenn (risiko) og Røyre (potensiell råvasskjelde).</p> <p>Reinsennvatnet har i dag god økologisk- og kjemisk tilstand men, har ein risiko for at tilstanden kan reduserast grunna avrenning frå hytter. Gjennomføre synfaring på private avløpsanlegg. Ved etablering av nye avløpsanlegg må kjeldeseparering vurderast i område med reduserte infiltrasjonsmoglegheiter. Etablering av felles avløp- og vassforsyningsanlegg på Luskeråsen.</p>	Sjå handlingsprogram avløp	2021 - 2028
3.	<p>Synfaring på gardsbruk identifisert med middels og høgast risiko for punktutslepp frå gjødsellager for vurdering av tilstand og behov for tiltak –10 bruk/år.</p> <p>Stikkprøver i samband med kontroll av produksjonstilskot.</p>	0	2021 - 2024
4.	<p>Stimulere til etablering av kantsoner mot vassdrag i område med størst fare for arealavrenning, jf. helingskart. Område med risiko for ikkje å nå miljømål (minst <i>god tilstand</i>) skal prioriterast. Krav om dette ligg i KS Landbruk på det enkelte føretak.</p>	0	2021 - 2028
5.	<p>Infokampanje for å hindre vidare spreiding av framande arter (ørekyt) og svartelista arter.</p> <p>Samarbeid med Naturvernforbundet i Valdres.</p>	20'	2021 - 2024
6.	<p>Kartlegge nedgravne oljetankar som grunnlag for ev. tiltak/forskrift.</p> <p>Infoskriv for reglar og sikring av denne type tankar som ikkje er i bruk.</p>	15'	2022-2024
	SUM	35'	

Vassforsyning:

Bakgrunn

Kommunen har overordna ansvar for vassforsyning innanfor kommunegrensene slik dette går fram av m.a. plan og bygningslova, kommunehelsetenestelova og regelverk for beredskapsarbeidet. Dette gjeld både drikkevatt, vatn for næringsmiddelproduksjon og sløkkevatn.

Ole vassverk vart godkjent av kommunestyret i 1999, og har Olevatnet som råvasskjelde. Det er pr. 2021 knyta til 2474 abonnentar hovudsakleg i området Beitostølen – Beito.

Kollstad vassverk vart overtatt av kommunen i 2006 og har inntak direkte frå elva Ygna. Mellsenn vart plangodkjent som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk i 2011. Det er pr. 2021 184 abonnentar knytt til Kollstad vassverk. Mellsenn og Olevatnet er ut frå vasskjemiske og hygieniske data og hydrologi vurderte å ha gode kvalitetar som råvasskjelde.

Vindin vassverk med Søre Vindin som råvasskjelde og Ringåne vassverk med inntak frå Ringåne (ca. 27 abonnentar) er private vassforsyningsystem i midtre og søre del av bygda.

Det er registrert 166 km leidning for drikkevassforsyning med om lag lik fordeling på kommunal og privat leidning. Kommunalt leidningsnett er av nyare dato (ca. 73 % etablert etter 1990) og har god drifts/ vedlikehaldsstatus. Privat leidningsnett (hovudnett og fordelingsnett) er av noko eldre dato, og har komande behov for oppgradering/vedlikehald.

Etter at VA leidning Beitostølen – Sælid er ferdigstilt står Rogne-Skattebu att som det området i kommunen som ikkje har felles vassforsyning. Med dei utbyggingane som er starta eller vil bli starta i nær framtid vil det vera tilgjengeleg kommunalt vatn på strekninga Storefoss – Nedrefoss innan få år. Det vil vera ei prioritert oppgåve å halde fram utbygginga av felles vassforsyning frå Storefoss/Nedrefoss til Skattebu og vidare sørover.

Hovudprinsipp for vassforsyninga.

Med målsettinga om å forsyne abonnentane med nok, reint og trygt vatn, må vi ha gode vasskjelder, gode vassbehandlingsanlegg med to barrierar, tilstrekkeleg utjammings-/høgdebasseng og forsyning frå to kjelder i kvar ende av kommunen.

Mellsenn blei godkjent som drikkevasskjelde av Mattilsynet for ti år sidan og er den beste drikkevasskjelda i kommunen. Den er inntil 38 meter djup, har store vassvolum under sprangsjiktet og middels opphaldstid for vatnet er på over to år. Kommunen har gjennomført fleire målingar rundt Mellsenn i tørkesommaren 2018, med resultatet at Mellsenn har stabilt tilsig sjølv under sterk tørke.

Det finst ingen redundans i kommunen si vassforsyning, dvs. oppstår det problem i eit av vassforsyningsområda, for eksempel kjemisk eller biologisk forureining eller røyrbrot i nettet kan dette område ikkje forsynast med vatn frå andre vasskjelder. Dette gjer vassforsyninga i kommunen sårbar. Ei sikker vassforsyning i heile kommunen vil krevje to uavhengige drikkevasskjelder, ei i sør (Mellsenn) og ei i nord (Olevatn). Fram til dette er etablert kan redundans for delar av kommunen sikrast gjennom eit samarbeid mellom kommunen og Vindin Vassverk. Redundans til Beitostølen vil krevje pumpeløysing frå om lag Lidar skule og oppover.

Hovudprinsipp for vassforsyninga kan illustrerast slik:



Traseane viser prinsipløysingar. Dei konkrete trasevala må avklarast som del av gjennomføring av kvart delprosjekt. Det kan ta mange år før denne hovudstrukturen er på plass, men utbyggingane som vert gjennomført skal bygge opp om denne langsiktige løysinga.

Revidert handlingsprogram for vassforsyning har følgjande prioritering:
Høgdebasseng Nordtorp

Høgdebasseng bør byggast for å auke leveringstryggleiken på leiðinga Lidar – Furustrand. Dette blir eit hovudknutepunkt for vassforsyning. Det er sett av 13 mill. til tiltaket i 2021.

Oppgradering av Ole Vassverk

Vi må utvida bassengkapasiteten ved Ole Vassverk. Vassforbruket i forsyningsområdet aukar med auka utbygging. Bassengkapasiteten må auke tilsvarande for å nå målet om å ha minimum eitt døgn forbruk lagra i basseng.

Når vi etter kvart får leidningsnett i heile forsyningsområdet til vassverket og vi i tillegg blir reservevasskjelde for Vindin Vassverk, må vi ha løyve til å ta ut meir råvatn. Noverande konsesjonsramar er så vidt strenge fordi vi den gongen ikkje kunne dokumentere konsekvens ved uttaket. I dag har vi erfaring og dokumentasjon som bør gje høve til utvida uttak.

Vassinntaket i Olevatn ligg ikkje på mest gunstig punkt. Inntaket bør flyttast om lag 480 m til eit djupare basseng. Noverande inntakspunkt har eit djup på 16 m, men sidan botn har mykje botnslam er inntakspunktet løfta til om lag 11 m for å unngå å suge inn slam i vassforsyningssystemet. Vi kjem då svært nær sprangsjiktet som gir meir sårbar vasskvalitet.

Behandlingsanlegget gir ikkje absolutt tryggleik mot at råvatn kan passere behandlingsanlegget og koma ut på nettet utan reinsing. Det bør etablerast to hygieniske barrierar i behandlingsanlegget.

Nytt vassverk Mellseinn – ny vasskjelde, nytt behandlingsanlegg og leidningsnett

Inntakspunkt til Kollstad vassverk er direkte i elva Ygna, og dette er det kritiske punktet i høve til forsyningsstryggleik. Elv som vasskjelde gir hygienisk ustabil vasskvalitet som ikkje tilfredsstillar dei krav vi har til vasskjelder i dag. Utfordringane knytt til direkte inntak frå elv er forventa å auke i samband med klimaendringane. Hovudleidning mellom inntak og behandlingsanlegg er av dårleg kvalitet. Dei høge utbyggingskostnadane krev at vi med dette nye forsyningssystemet bør ha ambisjonar om levering til fleire enn dei 182 abonnentane Kollstad Vassverk har i dag.

Som overflatevasskjelde har Mellseinn svært gode data som råvasskjelde både m.o.t. hydrologi og vasskjemiske/hygieniske målingar. Mellseinn vart godkjent av Mattilsynet som råvasskjelde for Kollstad vassverk 21.02.2011. Neste trinn i arbeidet med å etablere Mellseinn som ny råvasskjelde for Kollstad vassverk er søknad om konsesjon for vassuttak etter vassressurslova. Vi må avklare retten til å ta ut vatn frå Mellseinn.

Vi har som mål å kunna bygga ny hovudforsyning til Kollstad vassverk frå Mellseinn i 2023-2024. Vidare har vi behov for å byggje nytt behandlingsanlegg for Kollstad Vassverk og til å utvide forsyningsområdet til Nørre Rogne.

Høgdebasseng Fjellstad

Høgdebassenget Fjellstad er ein del av takrennekonseptet gjennom kommunen som forsyner nesten alle abonnentar med trykkvann. Takrennehøgdebassenga er Olevatn, Nordtorp, Fjellstad, Milo og Mellseinn.

Handlingsprogram for vassforsyning

Prio.	Tiltak	Kostnad i mill. kr	Tentativ gjennomføring
1.	Høgdebasseng Nordtorp inkl. leidning frå Nordtorp	15	2021-2022
2.	Oppgradere Ole Vassverk (inntaksleidning, høgdebasseng og vasshandsamingsanlegg)	24	2021-2023
3.	Mellsenn Vassverk, med høgdebasseng , forprosjekt, prosjektering og utbygging	40	2021-2024
4.	Høgdebasseng Fjellstad	5	Etter 2024
	SUM	84	

Revidert handlingsprogram for avløp

Nedrefoss Reinseanlegg

Nedrefoss RA vart sett i drift i 1979 som eit avløpsreinseanlegg for midtre delar av kommunen med tettstaden Heggenes – Moane. Anlegget er dimensjonert for 1.950 personekvivalentar (Pe) og er eit konvensjonelt mekanisk – kjemisk reinseanlegg førebudd for å utvide med eit biologisk reinsesteg. Reinsekrav til total fosfor (Tot P) er 90 % reinseeffekt og maksimal konsentrasjon organisk stoff $BOF_5 < 40$ mg/l. Anlegg slit i dag med å overhalde reinsekravet til organisk stoff trass i at konsesjonen er av eldre dato med eit avgrensa krav til biologisk reinsing. Vi har venta med utbygging av biologisk reinsesteg til avklaring kring revisjon av handlingsprogram for avløp.

Beito Reinseanlegg

Beito RA vart sett i drift i 1974 som eit anlegg som først og fremst skulle tene turistutviklinga på Beitostølen og Beitostølen Helseportssenter. I dag har vi eit nær komplett leidningsnett i Beito – Beitostølenområdet inkludert Raudalen i Vang kommune. Anlegget er oppgradert ved fleire høve, sist i 2002 da anlegget fekk installert eit biologisk reinsesteg. Anlegget fekk etter dette ein organisk kapasitet på 6.800 personekvivalentar (Pe). Reinsekrav til total fosfor (Tot P) er 92 % reinseeffekt og maksimal konsentrasjon organisk stoff $BOF_5 < 25$ mg/l. Sesongvariasjonane i turistnæringa på Beitostølen er formidabel. Det gjer utslag i store variasjonar i avløpsmengd som ska behandlast ved reiseanlegget. Reknar vi om konsentrasjonen av organisk stoff (BOF_5) som kjem inn på reinseanlegget tyder det på at det er 13.000 – 14.000 menneske innanfor nedslagsområdet til Beito RA i påskeveka. Vi «sprenger» med andre ord kapasiteten ved reinseanlegget med meir enn 100%. Også i nyttårshelga, vinterferieveckene og delar av august månad er vi oppunder grensa for kapasiteten til anlegget. Statsforvaltaren i Innlandet konkluderer med at Beito RA er eit anlegg med god drift og gode reinseresultat med unntak av påskeveka.

Ygna Reinseanlegg

Ygna RA vart sett i drift i 1983. Anlegget vart opphavleg prosjektert som eit industrireinseanlegg for Helle Slakteri. Kommunen fann det føremålstenleg å overta prosjektet med mål om også å dekke kommunalt

avløp i Rogne Sør. Reinseanlegget har ein organisk kapasitet på 1050 pe og har i dag ein ledig kapasitet på om lag 50 % etter at Helle Slakteri vart lagt ned i 2010. Reinsekrav til total fosfor (Tot P) er 90 % reinseeffekt og maksimal konsentrasjon organisk stoff BOF5 < 30 mg/l. Anlegget fungerer svært bra og overheld reinsekrav med god margin. Ygna RA har ikkje eige anlegg for avvatning av slam. Våt slam blir køyrt til Nedrefoss RA på eigen septikbil.

Samanbinding av reinseanlegg

I samband med utbygging av Lidar skule vart det konkludert med at skuleanlegget og Skammesteinområdet var best tent med vassforsyning frå Ole Vassverk, Beitostølen. Samstundes vart det sett som tenleg at avløp frå Skammestein og «grendene» langs fylkesveg 51 vart overført til Nedrefoss RA. Vi har dimensjonert leidningsnett mellom Beitostølen og Nedrefoss RA til å kunne ta i mot avløpet frå nedslagsområdet til Beito RA. Vi kan om vi ynskjer det overføre alt avløp frå Beito RA til Nedrefoss RA etter at Nedrefoss RA er utbygd. Dette er eit langsiktig mål. Målet er å overføre så mykje av avløpet frå Beito RA til Nedrefoss RA slik at utviding av Beito RA blir unødvendig og seinare utfasing mogleg. Nedrefoss RA vert utvida til å kunne dekke heile den offentlege avløpskapasiteten til kommunen. Å arbeide mot eit avløpsreinseanlegg i kommunen er vurdert til å ha stor rasjonaliseringseffekt og gje oss eit robust reinseanlegg der dei store sesongvariasjonane i reiselivet vil gje oss færre driftsutfordringar. VA-leidning Beitostølen – Nedrefoss er pr. januar 2021 ferdigstilt med unnatak av:

- Strekninga Storefoss – Nedrefoss med start bygging februar 2021.
- Strekninga Furustrand – Storefoss med planlagt prosjektering 2021 og bygging 2022.
- Strekninga Skistadion – Haugsynlie der endring av fallretning på denne strekninga vil gjere det mogleg å levere avløp frå 80 % av Beitostølenområdet til Nedrefoss RA.

I arbeidet med å utgreie mogleg nytt avløpsreinseanlegg ved Nedrefoss RA har vi desse delprosjekta:

- Reinsa avløpsvatn frå Nedrefoss RA vert i dag slept ut i Vala (Volbuelve) før utløpet til Volbufjorden. Ubunden av storleik på utbygging av Nedrefoss RA bør ein arbeide med å lenge utløpsleidninga til djupt vatn i Volbufjorden. Eit eige prosjekt bør utgreie dimensjon og trasé for ein slik utløpsleidning med vurdering av gunstig plassering av utsleppspunkt i innsjøen samt greie ut toleevna Volbufjorden har som resipient.
- Eit utvida reinseanlegg ved Nedrefoss RA vil krevje utvida arealbehov. Nedrefoss RA står i dag på ei festetomt. Ei forprosjektutgreiing bør avklare nytt arealbehov også inklusiv gjenbruk av eksisterande bygg og vurdering av gunstig falltilhøve på tomte for optimalisering av prosessdrifta i anlegget. Utarbeiding av reguleringsplan og erverv av nødvendig areal bør skje tidleg i prosessen.
- Beito RA er i dag eit avløpsanlegg for «større tettstader» (> 2.000 Pe) etter forureiningsforskrifta § 14. Her er statsforvaltaren konsesjonsmyndigheit. Vi er i ferd med å slå saman reinsedistriktet til Beito RA og Nedrefoss RA og får eit reinsedistrikt med to reinseanlegg i koordinert drift. Det vil krevje avklaring med konsesjonsmyndigheita ev. ny konsesjon.
- Vi bør starte opp eit teknisk forprosjekt som avklarar dei tekniske alternativ vi har til utbygging av nytt avløpsreinseanlegg ved Nedrefoss RA.

Handlingsprogram for avløp

Prio	Tiltak	Kostnad i mill. kr.	Tentativ gjennomføring
1.	Administrativ oppdatere av handlingsplan jf. godkjend handlingsplanprogram for tiltak i spreitt avløp		2021
2.	Utgreie Volbufjorden som resipient for eit utvida Nedrefoss RA. Utgreie utsleppspunkt og trasé for utløpsledning	0,5	2021
3.	Forprosjekt nye Nedrefoss RA	3,0	2022-2023
4.	Utarbeide reguleringsplan og erverv av grunn	1,0	2022-2023
5.	Hovudprosjekt prosjektering og bygging nye Nedrefoss RA	120,0	2024-2027
	SUM	124,5	

Revidert handlingsprogram for utbygging av VA-anlegg i grunnen

Mindre VA-anlegg, årleg løyving

Det vil alltid vera behov for utbygging av mindre strekningar med VA-leidning i grunnen for tilknytning av husklynger eller einskildhus og til å ta opp leidningsnett som treng utskifting.

VA Storefoss – Nedrefoss RA

Vi viser til omtalen av samanbinding av avløpsnettet under kapitelet om avløp. For å binde saman Beito RA og Nedrefoss RA må det byggjast ut anlegg på følgjande strekningar Storefoss – Nedrefoss. Føremålet er å kunna levera større avløpsmengder til Nedrefoss RA og sanera vekk Storefoss avløpspumpestasjon. Prosjektet vil også bidra til å kunne levere kommunalt vatn til området Skattebu/Rolandsgarden. Prosjektet er starta opp i 2020 og blir fullført i 2021.

VA Gullbakkvegen

VA Gullbakkvegen er ferdig prosjektert og vert lagd ut i marknaden i mars 2021. Det er hovudsakleg eit avløpsprosjekt for å sanere mange gamle private avløpsanlegg som ikkje har tilstrekkeleg reinsevne. Samtidig vert det lagd ny vasleiding.

VA Furustrand – Raudbrotmoen – Storefoss

Utbygginga av VA-leidning Furustrand – Raudbrotmoen – Storefoss inneber at siste delen av avløpsleidinga mellom Beitostølen og reinseanlegget på Nedrefoss vert bygd ut og at det også vil vera tilgjengeleg kommunalt vatn på denne strekninga. Utbygginga er naudsynt for å bygge ut Heranglie bustadfelt og legg til rette for å kople dei kommunale bygningane på Tingvang til kommunalt VA-nett.

VA Heranglie

For Heranglie bustadfelt er reguleringsplanen vedteken og grunnervervet gjennomført. Utbygging av VA-anlegget til og gjennom feltet må kombinerast med utbygging av vegar og sykkel- og gangvegar. vil vera ei omfattande og krev store ressursar.

VA Bergojordet

Vi må auka kapasiteten på overvassleidninga frå Beitostølen sentrum over Bergojordet i 2021 og leggje VA-leidning frå Beitostølsvegen til Finntøppvegen.

Det er gjennomført store utbyggingsaktiviteter på Beitostølen sentrum dei siste åra. Det fører til auka mengd med avløpsvatn og overflatevatn. Store takflater og asfalterte uteområde gjev umiddelbar avrenning av nedbørsvantet. I tillegg kjem smeltevandet om våren. Prosjektet VA Bergojordet er nødvendig for å handtere den auka avløpsmengda og for å hindre flomskader i Beitostølen sentrum ved ekstremvær.

VA-leidning Nordtorp- Hegge stavkyrkje

Kommunen har ansvaret for å sikre sløkkevatn til Hegge Stavkyrkje og vi har avklart med Riksantikvaren dimensjoneringa for dette. Samtidig vil vi leggje avløpsleidning på strekninga. Anleggsarbeidet kan setjast i gang hausten 2021. Etter kvart kan leidningen vidareførast til Heggebø, som vil vere eit innmatingspunkt for reservevatn til og frå Vindin Vassverk.

VA Solhaugslie III.

Området er ferdig regulert, og arbeidet med kjøp av grunn har starta opp. For å gjere bustadområdet klar for utbygging må vi planlegge og prosjektere anlegget for veg, vatn og avløp.

VA Kolleberg.

VA Kolleberg legg til rette både for bustadbygging og for at fleire vert koplå på offentleg nett. Det eksisterande bostadsfeltet ved Kolleberg, Skøltevegen, Hagajordet kan enkelt koplåst til hovudleidningsnettlet som tangerer området nedstrøms. Kolleberg er tett utbygd, og vi når mange abonnentar i forhold til røyrleidningslengda. Det er mange gamle private avløpsanlegg i området, og eigarane ønskjer tilknytning til kommunalt vant og avløp. Der er også kommunale tomter på Kolleberg, som vert meir attraktive dersom offentleg VA-anlegg er tilgjengeleg i området.

Leidningen skal krysse fylkesvegen 51 omtrent ved det gamle samvirkelagebygget og forlengast mot Lidar kyrke og vidare mot Bygdinvegen 3107. Her må utbygging av VA-leidningen gjennomførast samtidig med etablering av ein ny gang- og sykkelveg parallelt med FV 51. Gang- og sykkelvegen er eit viktig trafikksikringsprosjekt rundt Lidar Skole.

VA Bygdinvegen Skogaplassen-Mørstad

Langs hovudstammen for VA-anlegg frå Beitostølen til Nedrefoss er det ønskeleg å knytte til fleire husstandar på strekninga, slik at innbyggjarane får trygg vassforsyning og betre løysingar for handsaming av avløpsvatnet. Utbygging av VA-anlegg langs Bygdinvegen kan kombinerast med etablering av utbygging av gang- og sykkelveg eller turveg, for å betre trafikksikkerleiken på strekninga. Det har kome ønske frå innbyggjarar på denne strekninga om å gjennomføre ei utbygging

av VA-anlegg, i kombinasjon med etablering av tryggarar løysingar for gåande og syklende. Strekninga er på ca. 2500 meter.

VA Skistadion – Haugsynlie

Utbygging av Va-leidning på strekninga Skistadion – Haugsynlie vil endra fallretning på denne strekninga og gjere det mogleg å levere avløp frå 80 % av Beitostølenområdet til Nedrefoss RA.

VA Mellsenn - Kveno

For ei sikker vassforsyning i kommunen er det viktig å etablere Mellsenn som andre drikkevassskjelde og binde dette saman med forsyningsområdet i midten og nord i kommunen. Samen med inntaksleidningen frå Mellsenn vil det bli lagd ein avløpsleidning for å avkloakkisere hytteområda rundt Mellsenn i framtida. Det må avklarast kor vassbehandlingsanlegget og høgdebassenget skal plasserast.

VA Nedrefoss - Rolandsgarden

Leidningen frå Rolandsgarden vert forlenga via Skattebu mot Nedrefoss reinseanlegget. Frå Rolandsgarden vil leidningen ha fall heilt til Nedrefoss. Elven Vinda må kryssast. Tilkoplingspunktet ved hovudleidningen frå Storefoss til Nedrefoss vert i år tilrettelagd for å ta imot avløpsvatnet frå heile området mellom Rogne og Moane.

VA Rolandsgarden - Milo

Frå Milo vert leidningen ført vidare til Rolandsgarden. Heile strekket mellom Rogne og Moane er prega av utfordrande hydrogeologiske grunnforhold med omsyn til tilgang til borevann. Mange grunneigarar har ikkje tilgang til nok og reint drikkevatt over året, og har kontakta kommunen med ønsket om offentleg vassforsyning. Vassleidningen mellom Rogne og Moane vil vera del av samanbindinga av drikkevasskjeldene Olevatt og Mellsenn.

VA Milo - Bokkemyrsbråten

Kollstadbygda, Melbybråten og deler av Rogne vert i dag forsynt frå høgdebassenget Kollstad gjennom fleire hovudleidningar. For å utvide og binde saman nettet mot det eksisterande nettet ved Moane er Bokkemyrsbråten eit naturleg utgangspunkt. I første omgang skal leidningen vidareførast til Milo. Leidningen kryssar nettet til Ringåne vantverk. Her er det enkelt å mate inn kommunalt vatn i Ringånes nett dersom det er ønskeleg for dei som er knytt til Ringånes nett. Frå Milo er det fall ned til Ygna reinseanlegg.

Milobakkin er eit tett utbygd område. Eigarane har etablert felles vassforsyning og eit felles infiltrasjonsanlegg. Vasskjelda er blitt dårleg dei siste åra, og det er krevjande og behandle vatnet. Avløpsanlegget har ikkje lenger tilstrekkeleg reinsevn. Sidan det interne vass- og avløpsnettet er etablert, er det enkelt å kople til heile området.

Nord for Milo må det etablerast eit nytt høgdebasseng på ca. 740 moh. Dette er ein del av «takrennekonseptet» gjennom bygda og gir økt vassforsyningsikkerheit.

VA Rogne Skole - Nedrefoss

For å avkloakkisere området på strekningen Rogne skole, Rogne kyrkje, Ringåne til Nedrefoss er det behov for ei leidning på nedsida av fylkesvegen 51. Det er ikkje fall alle steder og avløpsvatnet må pumpast opp nokre meter. Denne avløpsleidningen er grunnlaget for å legge ned Ygna reinseanlegg på sikt. Då kan heile avløpsmengda leiast frå området sør for Heggenes til kommunen sitt sentrale reinseanlegget ved Nedrefoss.

VA-utbygging i hytteområda

Spreidd avløp vil også etter etablering av fellesløysingar for VA i vedtekne infrastruktursoner vere aktuell løysing i mange område. Det er 438 hytter og 398 seterhus som ligg utanfor gjeldande infrastruktursoner. Infrastruktursonene fangar opp nesten alle registrerte separate avløpsanlegg dvs. 393 av 416 anlegg. Også innanfor infrastruktursonene vil det for enkelte område både ut frå kostnadmessige og praktiske årsaker vere separate anlegg som er aktuelt alternativ.

For nokre område er det i arealdelen av kommuneplanen og i kommunedelplanen for Gravfjellet lagd til rette for auka hytteutbygging. Dette gjeld m.a. for områda Luskeråsen, Gravfjellet og Javnlia. Bakgrunnen for auka utbygging av hytte i desse områda er m.a. å styrka Heggenes som kommunesenter. Auka utbygging av hytte i desse områda føreset utbygging av felles VA-anlegg slik at avløpet vert ført ut av området og til kommunalt reinseanlegg ved Nedrefoss. Framføring av VA-leidningar i desse områda, kan føre til eit auka press for å legge fleire hytteområde ut for utbygging. Føremålet med denne handlingsplanen er ikkje å «opne døra» for nye hytteområde langs ny VA-leidning ved framtidig revisjon av arealdelen av kommuneplanen, men å leggje til rette for utbygging av dei hytteområda som allereie er regulert i kommuneplanen og kommunedelplanen for Gravfjellet. Det vert vidare peika på at utbygging av VA-leidning mellom Javnlia og Gravfjellet i området Myrestølen – Taraldstølen må gjennomførast på ein skånsam måte, sidan dette område i kommuneplanen er sett av til bevaringsområde natur.

Luskeråsen.

Det er forventa stor utbyggingsaktivitet på Luskeråsen dei næraste åra, og det er aktuelt med eit samarbeidsprosjekt med utbyggar for å få etablert nytt VA-anlegg. Pga. av fare for forureining av borebrønnar i fjell, er felles vassforsyning frå Røyre vurdert som mest aktuelle fellesløysing. Det er registrert 126 separate avløpsanlegg, hovudsakleg jordhauganlegg, og 96 borebrønnar i fjell. Med bakgrunn i m.a. ofte marginale infiltrasjonstilhøve og ofte omfattande sprekksystem i berggrun med fare for forureining av drikkevatt er mange av avløpsanlegga i risikoanalyse vurdert til høg risiko. I tillegg er det mange eksisterande hytter som kan koplast til eit nytt anlegg. Leidningen ned frå Luskeråsen til det eksisterande tilkoplingspunktet på Robølshøvda passerer hytteområda Bjødnahelet og Rolistølen som også kan koplast til på sikt.

VA Javnlie.

Registreringar på Auståsen i 2014 viste at i område med straum hadde 42 % av hyttene borebrønn, medan 14 % av hyttene hadde borebrønn i område utan straum. Javnlie hadde flest borebrønnar, dvs. 60 % av hyttene hadde borebrønn. Etablering av felles avløpsløysingar vil redusera faren for forureining slik at eksisterande borebrønnar sannsynlegvis også i stor grad kan nyttast framover. I

dag er det over 150 anlegg med dårlig kvalitet. Området har ikkje tilstrekkeleg infiltrasjonsevner, og samtidig eit stort utbyggingspotensiale. Etter synfaring med målet å finne lokale reinseløysing på Javnlie er etablering av kommunalt VA-anlegg med tilknytning til hovudanlegget einaste realistiske løysinga. Vatn kan tilførast frå eksisterande nett frå Olavatn og avløp vert leia nedover til det eksisterande nettet ved Robølshøvda. Samtidig vert det lagd vassleidning frå Javnlie til Robølshøvda slik at vi får etablert ein ringleidning i fjellet som betrar tryggleiken for vassforsyning for store delar av kommunen.

Gravfjellet.

I hytteområda Sandbakkadn, Viflå, Murkhovd, Yddin og Gravfjellstølen er det mange grunneigarar som etterspør kommunalt vatn og avløp. VA-infrastrukturen må på plass før det kan opnast for større utbyggingar i området. Den eksisterande leidningen på Robølshøvda kan forlengast mot Gravfjellstølen.

VA Mellsennstølan- Juvike - Skjærvike - Blilie

Også i dette området er det mange grunneigarar som ønskjer å få innlagd kommunalt vatn og avløp. Fleire hytte har dei seinare åra fått lagd inn straum, og det vil ofte vera eit ønskje om også å få lagd inn vatn og avløp når hytta har fått straum. Utbygging av kommunalt VA-anlegg må sjåast i samanheng med utnytting og utbygging av Mellsenn som vassskjelde.

Raudalen i Vang kommune

Kommunen har avtale med Vang kommune om drift av VA-anlegget for hytteområdet i Raudalen. Det er Vang kommune som må ta stilling til vidare utbygging av VA-anlegg i Raudalen. Ei utbygging av VA-anlegget i Raudalen kan også styrke brannvassforsyning for hytteområdet i Grønolslie. Kommunen vil vera positiv til å drifte eit utvida VA-tilbod i Raudalen, i samsvar med prinsippa i gjeldande avtale med Vang kommune.

Handlingsprogram for utbygging av leidningsnett:

Prio.	Tiltak	Kostnad i mill. kr	Tentativ gjennomføring
1.	Mindre VA-anlegg, årleg	5	årleg
2.	VA Storefoss - Nedrefoss	10	2021-2022
3.	VA Gullbakkvegen	7	2021
4.	VA Furustrand – Raudbrotmoen – Storefoss	14	2021
5.	VA Heranglie	4	2021
6.	VA Bergojordet	2	2021-2022
7.	VA-leidning Nordtorp- Hegge stavkyrkje	5	2021-2022
8.	VA Solhaugslie III	3	2022-2023
9.	VA Kolleberg	5	2023-2024
10.	VA Bygdinvegen Skogaplassen-Mørstad	12	2024-2025
11.	VA Skistadion - Haugsynlie	5	2026
12.	VA Mellisen - Kveno	27	Etter 2024
13.	VA Nedrefoss - Rolandsgarden	15	Start 2024
14.	VA Rolandsgarden - Milo	14	Etter 2024
15.	VA Milo - Bokkemyrsbråten	14	Etter 2024
16.	VA Rogne Skule - Nedrefoss	26	Etter 2024
	VA-utbyggingar i hytteområde:		
1.	VA Luskeråsen	26	2022-2025
2.	VA Javnlie	50	2022-2027
3.	VA Gravfjellet	45	2022-2027
4.	VA Mellsennstølan- Juvike - Skjærvike - Blilie	33	Etter 2024
	SUM	339	

Område i fjellet utan kommunale hovudanlegg.

Øystre Slidre kommune har mange fritidsbustader i fjellområda der det ikkje er etablert felles avløp- og vassforsyningsanlegg, i desse områda har fritidsbustadene med innlagt vatn separate avløpsanlegg som avløpsløysing.

Den 25.04.2019 vedtok Kommunestyret Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028. Den viser område med kommunale planar for etablering av felles avløps- og vassforsyningsanlegg, og kva for område som skal forvaltast som spreidd avløp. Kommunedelplan for vassmiljø – vassforsyning – avløp 2018-2028 og Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028 er gode arbeidsverktøy med mål om å gje tilgang til reint drikkevatt og handtere avløpsvatt på ein forsvarleg måte i heile kommunen.

Etablering av felles leidningsnett for alle desse områda, slik ein har lagt til grunn i planperioden, viste seg å ikkje vera realistiske. Det er difor gjort ei ny vurdering av tidsplanen for dei områda /sonene der ein vil bygge ut felles avløp- og vassforsyningsanlegg. Dei områda som no ikkje er prioritert utbygd i revidert tidsplan blir inntil vidare forvalta som spreidd avløp. Dette vil gje ein meir realistisk og føreseieleg handlingsplan i tillegg til gode retningslinjer for saksbehandling.

Arealdelen til kommuneplanen 2016-2028 og dei gjeldande kommunedelplanane, viser område med krav om tilkopling til felles avløp- og vassforsyningsanlegg. Desse områda blir kalla infrastruktursoner. I Arealdelen og kommunedelplanane er infrastruktursonene inndelt i fire kategoriar, I-410-VAF (Heggenes-Tingvang-området), I-410-M (nedslagsfelt til drikkevasskjelda Mellseinn), I-410-VA (krav om tilkopling til felles VA-anlegg) og I-410-G (moglegheit for etablering av separat anlegg fram til vass- og avløpsanlegga er bygde). Mange av desse infrastruktursonene ligg i fjellområda.

Kommunedelplanen for vassmiljø – vassforsyning – avløp og Handlingsplanen for spreidd avløp syner planer for gjennomføring av felles avløp- og vassforsyningsanlegg i infrastruktursonene gjennom planperioden. Handlingsplanen har en meir detaljert omtale av dei ulike områda i dei aktuelle infrastruktursonene. Handlingsplanen syner også årstall for etablering av leidningsnettet.

Infrastruktursonene i fjellet er i hovudsak sonene I-410-VA og I-410-G, i tillegg til Mellseinn-området (I-410-M).

Område som skal forvaltast som spreidd avløp i planperioden

Handlingsplanen for spreidd avløp 2019-2028 omtaler sonene registrert som I-410-G som område som skal forvaltast som spreidd avløp (FS-soner), og skal i planperioden framleis forvaltast som det.

Det er gjort ei ny vurdering av dei planlagde tiltaka i infrastruktursonene i fjellet der det skal byggast ut kommunalt VA. Ved å endre kodenamn på dei sonene der det ikkje blir etablert felles VA-anlegg i det tidsrommet handlingsplanen gjeld, får vi ei meir realistisk og føreseieleg plan.

Det betyr at deler av sonen der det skal etablerast felles VA-anlegg blir verande som den er i dag, medan resten av sona vert forvalta som spreidd avløp. Når Kommunedelplanen for vassmiljø – vassforsyning – avløp blir revidert kan desse sone tilbakestillast dersom vi ser at det er mogleg å gjennomføre den opphavlege løysinga.

Handlingsplanen syner også område som ikkje har status som infrastruktursoner i gjeldande arealplanar. Desse sonene blir omtala med Kode S og er sone for spreidd avløp i planperioden.

Vi har og gjort ei vurdering av kva slag avløpsløysingar som kan godkjennast i område der det i dag er stor belastning frå separate avløpsanlegg og elles fare for avrenning og risiko for ikkje å oppretthalde miljømålkrevet. Krevet vil vera forskjellig i ulike infrastruktursoner, og variere etter ei konkret vurdering i den enkelte sak.

Infrastruktursoner i fjellet med reviderte FS-soner:

Beitostølen – Beito området

- Område Lykkja – Tåbakke vert endra til FS-sone.

Mellsenn området (ME)

- ME-1F og ME-2F vert endra til FS-soner. Det er behov for ei fagleg vurdering og plan for VA-løysing i Mellsenn-området der siktemålet med planen er å sikrar området som framtidig vasskjelde. Denne vurderinga vil bli gjort i 2021. Innlegging av vatn innanfor sikringssona på 100 meter frå vatnet og alle direkte tilløp er forbode.
- ME-FS blir værande uendra.

Rennsenn området (RE)

- Deler av RE-2F og RE-3F vert endra til FS-soner. Desse områda har stor variasjon i topografi og lausmassedekke. Området har også mange hytter med separate avløpsanlegg og borebrønner med høg risiko for avrenning. For å sikre faren for avrenning og forureining av vatna Rennsenn, Røyre og Øyangen bør det nyttast kjeldeseparering. Tradisjonell infiltrasjon kan tillast på områder med spesielt gode grunnforhold og god avstand til drikkevasskjelde.
- RE-1F blir værande uendra.

Gravfjellplan område (GF)

- Uendra

Javnlie område (JA)

- Uendra, der tett tank nyttast som totallysing for avløpsvatnet.

Tilknytning til kommunalt VA-anlegg

Etter kvart som det kommunale VA-anlegget vert bygd ut kan innbyggjarane knyte seg til anlegget. Det vil gje trygg tilgang på reint vant og ei forsvarleg og miljøsikker handtering av avløpet. I økonomiplan 2020/23 heiter det:

Øystre Slidre kommune har vore særst ambisiøse på VA-området, og har eit omfattande nett for vatn og avløp. Dette har m.a. vore naudsynt for å sikre vatn av god kvalitet og hindre forureining.

Kommunen har heimel til å krevje tilkopling til offentleg nett om kostnadane til bygging av private stikkleidningar ikkje blir for høge. Rettspraksis har antyda kring 250 000.

For å auke tilkoplingsgraden, og bidra til ei utlikning av kostnadane mellom dei som er nære og dei som ligg lenger unna kommunalt nett vedtok Øystre Slidre kommunestyre i KS-039/17 å etablere ein eigen tilskotsordning for hushaldningar og næringsverksemdar til bygging av private stikkleidningar for påkopling til det kommunale vatn –og avløpsnett, i første omgang for ei periode på 5 år. Vi har no evaluert ordninga etter to år, og erfaringane er at ho ikkje verker etter hensikta. Det har vore få søknadar, og vi har ikkje vore i nærleiken av å bruke opp midlane. Ordninga er difor fjerna, og erstattar den med ein sterkare ambisjon om å bygge dei kommunale leidningane innanfor sjølvkostområdet nærare dei eigedomane vi ynskjer skal kople seg til.

Ved utbygging av kommunalt VA-anlegg vil vi leggje følgjande praksis til grunn for tilknytning til anlegget:

- Eigarar av eigedomar som kan knytast til anlegget får informasjonsskriv om den aktuelle utbygginga, med tilbod om å knyte seg på. Vilkåra for tilknytning går fram av kommunestyret sitt vedtak om betalingssatsar. Innbyggerane som sjølv vel å knyte seg på får ikkje pålegg om tilknytning.
- For dei som ikkje vel å knytte seg til kommunalt VA-anlegg, og der bygging av stikkleidning venteleg vil koste mindre enn kr. 250 000 gjer administrasjonen vedtak om pålegg om tilknytning. Tilknytninga skal gjennomførast innan 2 år. Vedtaket om tilknytning kan klagast på, og går då til formannskapet for handsaming, før det vert sendt over til endeleg vedtak hjå Statsforvaltaren.
- Når kommunen bygger ut VA-anlegg i område innbyggerane får vassforsyning frå Vindin Vassverk, vil kommunen ikkje pålegge tilknytning til kommunalt vassforsyningsanlegg, berre til avløpsanlegget. Er det innbyggerane i desse områda som ønskjer tilknytning til kommunalt vassforsyningsanlegg, vil dei få høve til det på ordinære vilkår.

Økonomiske konsekvensar

Utbygging av VA-anlegga gjev både auka driftskostnader og auka kapitalkostnader. Kostnadsoverslaget som ligg i tabellane over har stor uvisse, +/- 40%. Kostandene ved kvart tiltak vil bli nærare vurdert i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen og utrekning av verknadene for gebyrutviklinga vil også bli gjort i økonomiplanane. Vedtak om gjennomføring av tiltak vil også bli gjort i økonomiplanen, og dei tentative datoane som står i VVA-planen kan bli endra. VVA-planen gjev først og fremst uttrykk for rekkefølga ved utbyggingane.

Følgjande tabell gjev ein illustrasjon over gebyrutviklinga ved investeringsplanen i dette handlingsprogrammet:

Modell 40 års avskrivning, ikkje inflasjon, løp invest 2025-2040 15 mill+5 mill årlege VA										
Realendring av auka investeringar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Normalabonnet (150 m3)										
Årsgebyr vatn	5 260	5 839	6 481	7 194	7 985	8 863	9 838	10 921	12 122	12 122
Årsgebyr avløp	7 610	7 991	8 390	8 810	9 250	9 713	10 198	10 708	11 243	11 243
Årsgebyr VA samla	12 870	13 829	14 871	16 003	17 235	18 576	20 037	21 629	23 365	23 365
% Endring i gebyr frå året før										
Vatn		11 %	11 %	11 %	11 %	11 %	11 %	11 %	11 %	0 %
Avløp		5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	0 %
% Endring frå 2021										
Vatn		11 %	23 %	37 %	52 %	69 %	87 %	108 %	130 %	130 %
Avløp		5 %	10 %	16 %	22 %	28 %	34 %	41 %	48 %	48 %

Endringane i gebyr er realendring i høve gebyr-nivå for 2021. Ordinær prisstiging kjem i tillegg. Etter 2030 er det inga auka i gebyrnivået. I følgje tal frå Norsk Vann vil gebyrnivået for VA generelt i landet måtte auke med 200-300% fram mot 2040, for å finansiere naudsynte investeringar.

Føresetnader lagt til grunn i prognosen:

- Investeringsnivået for tiltaka som heiter etter 2024 i tabellane er lagt inn med 20 mill. årleg fom. 2025.
- Alle investeringar som gjeld leidningsnett/felles for vatn og avløp, er investeringa fordelt 50/50 på vatn og avløp.
- Alle framtidige investeringar har blitt lagt inn med 40 års avskrivningstid. Så lang avskrivningstid er mogleg å gjere for investeringar innan VA-området.
- I åra 2023-2027 er direkte driftsutgifter auka 1,7 % årlig på grunn av kapasitetsauke.
- I modellen er det føreset at underskot blir framført utover dei fem åra som blir tillete i sjølvkostforskrifta. Kommunen kan gjera dette, ved høgt investeringsnivå.
- Tal nye abonnentar på vatn og avløp som er lagt inn er årleg 80 for fritid og 10 for bustad.
- Det er føreset at «Fritid» bruker 40 m³ og "Bustad" bruker 140 m³ vatn og avløp årleg. Det er litt høgare enn det som på landsbasis blir sett på som vanlege (30 m³ og 120 m³). Tala i prognosen gjev eit snitt samla på ca. 69 m³, som er det registrerte gjennomsnittlege forbruket i Øystre Slidre frå tidlegare.
- For tilknytning er det føreset at "Fritid" er på gjennomsnittleg 100 m² og "Bustad" er på 170 m².
- Gebyra for eit normalhushald i modellen er basert på et forbruk på 150 m³ årleg.